

---

**Saksnr:** 2019/107-2  
**Saksbehandlar** Magnus Odéen  
**Dato:** 19.08.2020

---

é

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Medarbeidarundersøking i VLFK 2020

Vestland fylkeskommune vil i løpet av 2020 gjennomføre medarbeidarundersøking for alle tilsette. Undersøkinga vil omfatte tema som arbeidssituasjon og -oppgåver, leiarskap og jobbengasjement samt balanse mellom arbeid og privatliv. Den vil også ta opp aktuelle tema som fjernleiing og heimekontor.

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har i fleire år gjennomført tilsvarande regelbundne medarbeidarundersøkingar. I Hordaland var siste undersøking i 2018, i Sogn og Fjordane i 2016. Undersøkingane har vore viktige temperaturmålarar og gjeve nyttig "input" til arbeidet med å utvikle organisasjonane.

HMS- og kvalitetsgruppa (HMS-K) i HR-seksjonen vil ha ansvar for gjennomføring av medarbeidarundersøkinga, med ekstra ressursar tilført frå HR rådgjeving og Utvikling (HR-RU). Som i både Hordaland og Sogn og Fjordane tidlegare, vil den tekniske gjennomføringa verte handtert av ein ekstern leverandør, men oppfølging av resultatane skal skje lokalt på den einskilde eining ved hjelp av eigne ressursar. VLFK har vald å bruke Stamina som leverandør av medarbeidarundersøkinga. Stamina hadde opsjon på leveranse av medarbeidarundersøkinga som ein del av bedriftshelsetenesteavtalen med VLFK, og har tidlegare levert undersøkinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Undersøkinga er anonym, og det blir ikkje gitt ut informasjon til nokon i VLFK som kan identifisere einskilde tilsette. Einingar må minimum ha 5 svar på undersøkinga for å få eigen rapport. For å få frekvensfordeling av svara må eininga ha minimum 15 svar på undersøkinga.

Vi vil nytte ei skreddarsydd utgåve av den anerkjende undersøkinga MTM. Undersøkinga lar seg tilpasse til VLFK sine behov, og har eit solid normgrunnlag frå andre fylkeskommunar og Norsk offentleg sektor. Undersøkinga vil være ein kombinasjon av validerte spørsmål frå MTM, og skreddarsydd spørsmål for VLFK. Spørsmåla er diskutert med ei bredt samansett referansegruppe med representantar for dei sentrale sektorane, tillitsvalde og vernetenesta.

Grunna situasjonen med Covid-19, planlegg HR for ei digital opplæring for leiarar. Dette sikrar at vi kan gjennomføre opplæringa uansett smittesituasjon. For leiarane er det meir fleksibelt, då mange kan velje mellom fleire opplæringstidspunkt, og dei slepp reisetid til

kursstad. Vi vil nytte digitale verktøy for å auke engasjementet og fremje dialog mellom deltakarar og kursleiarar.

HR planlegg å sende undersøkinga ut i veke 45 eller 46 (måndag 2/11 eller måndag 9/11). Vi tek atterhald om at dette kan endrast om situasjonen krev det. Dei overordna resultatata blir presentert for Toppleiargruppa, AMU og fylkesdirektørane sine leiargrupper i desember. Arbeidet i einingane tek til i starten av januar. HR sentralt og i lina vil gje støtte til leiarane i MU arbeidet, med særleg fokus på dei einingane som har utfordringar med arbeidsmiljøet.

#### **Framdriftsplan for medarbeidarundersøkinga.**

- August: Fullføring av spørsmåla i undersøkinga
- Primo september: Opplæring av HR og stabane i MTM
- Oktober: Opplæring av leiarar startar
- November: Utsending av undersøkinga
- Desember: Presentasjon av overordna resultat, planlegging av oppfølging
- Januar-februar: Oppfølging av resultatata i einingane.